

# 662 000 tapte årsverk i 2011

AV JORUNN FURUBERG, XU CONG QIU OG OLA THUNE

## SAMANDRAG

I 2011 gjekk til saman 662 000 årsverk tapt på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid. Dette er ein auke på 7 000 årsverk frå 2010, og i underkant av 46 000 årsverk samanlikna med 2005. I perioden frå 2005 har veksten særleg kome i den gruppa vi no definerer som personar med nedsett arbeidsevne. I 2011 gjekk i underkant av 180 000 årsverk tapt blant personar i denne gruppa, dette svarar til 27 prosent av alle dei tapte årsverka. Veksten i denne gruppa har kome blant både kvinner og menn og i alle aldersgrupper.

Mykje av den samla veksten i tapte årsverk skuldast demografiske endringar. Dersom folkemengda ikkje hadde endra seg frå 2005 til 2011, ville vi faktisk ha observert ein nedgang i talet på tapte årsverk med 18 000 i perioden. Dei aldersjusterte tala viser ein nedgang i talet på tapte årsverk i dei fleste aldersklassane 40 år og under, og for alle aldrar over 53 år. I alderen 41–53 år viser dei aldersjusterte tala ein auke i talet på tapte årsverk.

Rekna i prosent av folkemengda er summen av tapte årsverk uendra på 19,7 prosent frå 2010 til 2011. Nedgang i arbeidsløysa har ført til at færre årsverk har gått tapt på grunn av mangel på ordinært arbeid. Samstundes har det vore ein auke i tapte årsverk på grunn av dårleg helse.

Det har vore ein vekst i tapte årsverk blant kvinner det siste året, og ein nedgang blant menn. Nedgangen blant menn skuldast først og fremst færre tapte årsverk på grunn av mangel på ordinært arbeid.

## INNLEIING

I NAV sine statistikkar over arbeidslause, sjukefråvær og uførepensjon kjem det ikkje fram kor mange som kombinerer ulike former for stønader eller som har graderte stønader. I den offentlege debatten blir ofte talet på motakarar av ulike stønader summert og presentert som eit tal på kor mange som står utanfor arbeidslivet. Dei siste åra har NAV difor laga estimat over tapte årsverk som følgje av dårleg helse og mangel på ordinært arbeid. Desse estimata tek omsyn til at mange har graderte ytingar og mange kombinerer ulike trygder eller arbeid og trygd. Estimatet over tapte årsverka gir eit bilete på kor mange tapte årsverk som skuldast dårleg helse og/eller arbeidsløyse.

Når vi i denne artikkelen brukar omgrepet tapte årsverk, er ikkje dette eit uttrykk for at vi meiner at det er realistisk eller ønskeleg at alle desse årsverka kunne vore arbeidde årsverk. Det vil alltid vera slik at ein del av folkemengda i yrkesaktiv alder ikkje har helse til å kunna arbeida. Det er også urealistisk å tenkja seg ein situasjon heilt utan arbeidsløyse.

I denne artikkelen ser vi på utviklinga i talet på tapte årsverk i 2005, 2009, 2010 og 2011. Vi prøver å svara på spørsmål som: Har talet på tapte årsverk endra seg når vi samanliknar desse åra? Kor mykje har endringa i alders-

samansetjinga i folkemengda å seia for utviklinga i talet på tapte årsverk? Er det forskjell i utviklinga mellom kvinner og menn? Er det slik at personane som bidreg til dei tapte årsverka står permanent utafør arbeidslivet?

## LITEN AUKE I TALET PÅ TAPTE ÅRSVERK

I 2011 gjekk til saman 662 000 årsverk tapt som følgje av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid, jamfør figur 1. Dette er ein auke på i underkant av 46 000 årsverk, eller 7,4 prosent, samanlikna med 2005. Frå 2010 til 2011 auka talet på tapte årsverk frå 655 000 til 662 000, eller 1,1 prosent.

Flest årsverk går tapt på grunn av uførepensjon. Tapte årsverk på grunn av uførepensjon har halde seg relativt stabilt når vi ser perioden frå 2005 til 2011 under eitt. I 2011 gjekk i underkant av 281 000 årsverk tapt i kategorien uførepensjon. Dette er ein auke på 3 100 årsverk, eller 1,1 prosent frå 2010. I perioden frå 2005 til 2009 var det ein nedgang i talet på tapte årsverk i kategorien uførepensjon på om lag 5000 årsverk, medan det har vore ein liten auke dei to siste åra. Utviklinga innan uførepensjon fram til 2010 må sjåast i samanheng med auken i talet på tapte årsverk i kategorien tidsavgrensa uførestønad, som blei innført som ei ny ordning i 2004. Frå 2005 til 2009

## Data og Definisjonar

Dei seinaste åra har NAV kvart år estimert talet på tapte årsverk som følgje av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid. Tala i denne artikkelen baserer seg på individdata over alle personar som i løpet av åra 2005, 2009, 2010 og 2011 hadde ein eller fleire av følgjande stønader/arbeidsmarknadsstatusar:

- varig uførepensjon
- tidsavgrensa uførestønad (t.o.m. februar 2010)
- rehabiliteringspengar (t.o.m. februar 2010)
- yrkesvalhemma /nedsett arbeidsevne (med og utan attføringspengar, t.o.m. februar 2010)
- nedsett arbeidsevne (f.o.m. mars 2010, med og utan arbeidsavklaringspengar)
- sjukefråvær
- heilt arbeidslaus (med og utan dagpengar)
- delvis arbeidslaus (med og utan dagpengar)
- deltakar på ordinære arbeidsmarknadstiltak.

For varig uførepensjon, tidsavgrensa uførestønad og rehabiliteringspengar er det nytta individdata for behaldninga ved utgangen av kvart kvartal. For sjukefråvær er det nytta data over alle sjukefråvær i kvart kvartal. For personar med nedsett arbeidsevne, heilt arbeidslause, delvis arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar er det nytta individdata for behaldninga ved utgangen av kvar måned.

I mars 2010 blei det innført ein ny stønad, arbeidsavklaringspengar. Alle som ved utgangen av februar 2010 mottok tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar eller attføringspengar gjekk frå mars 2010 over til å motta arbeidsavklaringspengar. Samstundes blei gruppa som er definert som "personar med nedsett arbeidsevne" utvida til også å inkludera alle mottakarar av arbeidsavklaringspengar. I våre data har vi difor slått saman tapte årsverk for personar som mottok tidsavgrensa uførestønad og rehabiliteringspengar i dei to første månadene i 2010 med alle i gruppa med nedsett arbeidsevne. Når vi i artikkelen samanliknar tal over personar med nedsett arbeidsevne i 2011 og 2010 med tal for tidlegare år, samanliknar vi med summen av tapte årsverk innan tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar og yrkesvalhemma/personar med nedsett arbeidsevne.

Ved å kopla saman datamaterialet på individnivå er det justert for at fleire av desse personane mottok meir enn ein stønad på eit og same tidspunkt. Det er til dømes ikkje uvanleg at ein person mottok arbeidsavklaringspengar (til dømes 50 prosent) og uførepensjon (til dømes 50 prosent) samstundes. Ved å kopla individopplysningar om arbeidsavklaringspengar med uføreregisteret, vil denne personen berre telja som eit tapt årsverk, og ikkje som to personar tapt, som ville vore tilfelle dersom ein ikkje kopla registra. Ein person vira registrert i fleire register samstundes. Til dømes kan ein heilt arbeidslaus vera sjukmeldt, og ein person som er 100 prosent ufør kan samstundes vera i eit tiltak for personar med nedsett arbeidsevne. I tilfeller der summen av alle registreringane overstig eit årsverk per person, har vi prioritert kva for ordning årsverket skal telja med i slik:

Uførepensjon er prioritert over nedsett arbeidsevne, deretter følgjer sjukefråvær, heilt arbeidslaus, delvis arbeidslaus og til slutt ordinær tiltaksdeltakar.

Det er heller ikkje uvanleg for ein stønadmottakar å ha ein gradert stønad, og mange arbeider noko ved sida av ein gradert stønad. Når vi estimerer dei tapte årsverka, tek vi utgangspunkt i kor stor del av ein full trygdeyting dei einkilde har, det vil seia at vi må redusera for arbeid for dei som mottok graderte ytingar. For personar som arbeider ved sida av 100 prosent trygdeyting har vi ikkje redusert for arbeid. Kor stor del av eit årsverk ein stønadmottakar bidrar med, er estimert på grunnlag av den såkalla graderingsandelen i sakshandsamingssystemet for uføreytingar og rehabiliteringspengar. Mottakarar av dagpengar, arbeidsavklaringspengar og tidlegare også mottakarar av attføringspengar, sender kvar 14. dag inn eit meldekort til NAV der dei opplyser om kor mykje dei eventuelt har arbeidd dei siste to vekene. Opplysningane frå meldekorta er brukt til å estimera kor stor prosentdel av eit årsverk delvis arbeidslause, mottakarar av attføringspengar og mottakarar av arbeidsavklaringspengar bidreg med. Delvis arbeidslause utan dagpengar fører ikkje opp arbeidet på meldekortet, slik at det for denne gruppa er lagt til grunn at dei bidreg med like stor prosentdel av eit årsverk som gjennomsnittet for delvis arbeidslause med dagpengar.

Det er vidare lagt til grunn at alle som tek del i ordinære tiltak eller tiltak for personar med redusert arbeidsevne, gjer dette på heiltid dersom dei ikkje samstundes er mottakar av stønader frå NAV.

Tapte årsverk til sjukefråvær er estimert med bakgrunn i individdata i sjukefråværsstatistikken. Denne statistikken omfattar legemeldt sjukefråvær for alle arbeidstakarar busett i Noreg med arbeidsforhold registrert i Aa-registeret.

Talet på tapte årsverk kjem fram ved å summera saman på individnivå årsverk som i løpet av eit år anten heilt eller delvis mottok ein eller fleire av stønadene nemnd innleiingsvis, eller som heilt eller delvis var i ein av dei nemnde arbeidssøklarstatusane.

Talet på tapte årsverk gir dermed uttrykk for talet på årsverk som går tapt i produksjonen av varer og tenester, som følgje av arbeidsløyse eller helseproblem blant personar i alderen 16–67 år.

Dei aldersjusterte tala over tapte årsverk ( $a_{2011}$ ) er laga ved å rekna ut raten for tapte årsverk for eittårige aldersgrupper i gjennomsnitt for 2011,

$$\left( \sum_{i=16}^{67} \frac{TA_{2011}^i}{Bef_{2011}^i} \right)$$

Desse ratane er multiplisert med talet på personar i dei same aldersgruppene i gjennomsnitt for 2005. Dette gir:

$$\left( a_{2011} = \sum_{i=16}^{67} \frac{TA_{2011}^i}{Bef_{2011}^i} * Bef_{2005}^i \right)$$

auka talet på tapte årsverk i kategorien tidsavgrensa uførestønad med i overkant av 29 000 årsverk.

Blant mottakarar av rehabiliteringspengar auka tapte årsverk frå 2005 med 1 200 til 43 000 i 2009. Tapte årsverk blant yrkesvalhemma/personar med nedsett arbeidsevne minka med 10 000 til 69 000 i 2009.

I mars 2010 blei det innført ei ny ordning, arbeidsavklaringspengar, som erstattar tidlegare rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad og attføringspengar. Utviklinga blant personar med nedsett arbeidsevne frå og med 2010 kan difor best samanliknast med utviklinga i summen av talet på mottakarar av desse stønadane samt personar som var registrert hos NAV som yrkesvalhemma / personar med nedsett arbeidsevne utan trygdeytningar frå NAV for perioden før 2010. I 2011 gjekk i underkant av 180 000 årsverk tapt i kategorien nedsett arbeidsevne. Dette er ein auke på 10 400 årsverk, eller 6,1 prosent, samanlikna med 2010. Tapte årsverk blant personar med nedsett arbeidsevne har auka i heile perioden vi ser på, frå 2005 til 2011 har det vore ein auke på 35,5 prosent. I 2011 utgjer kategorien nedsett arbeidsevne 27 prosent av alle tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid.


I 2011 gjekk vel 103 800 årsverk tapt på grunn av sjukefråvær, dette er om lag uendra frå året før. I første halvår 2011 auka sjukefråværet for så å gå kraftig ned utover i andre halvår.

Tapte årsverk på grunn av mangel på ordinært arbeid varierer over konjunkturane. I 2011 gjekk i underkant av 97 000 årsverk tapt som følgje av mangel på ordinært arbeid (summen av heilt ledige, delvis ledige og ordinære tiltaksdeltakarar). Dette er ein nedgang på 6 prosent samanlikna med 2010, og skuldast betringa på arbeidsmarknaden som førte til nedgang i arbeidsløysa.

## DÅRLEG HELSE FØRER TIL MANGE TAPTE ÅRSVERK BLANT KVINNER

I 2011 gjekk i overkant av 360 000 årsverk tapt blant kvinner, medan menn stod for i underkant av 302 000 tapte årsverk, jamfør figur 2. Det er særleg dårleg helse som fører til mange tapte årsverk blant kvinner. Dette gjeld også for menn, men mangel på ordinært arbeid er ei viktigare årsak til tapte årsverk blant menn enn blant kvinner.


Figur 1:  
Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar i alderen 16-67 år. Årsgjennomsnitt\*.



\* Kategorien nedsett arbeidsevne i 2010 inkluderer personar med tidsavgrensa uførestønad og mottakarar av rehabiliteringspengar for januar og februar 2010.

KJELDE: NAV

Figur 2:  
Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for kvinner og menn i alderen 16-67 år. Årsgjennomsnitt. 2011.




KJELDE: NAV

Demografiske endringar har mykje å seia for utviklinga i talet på tapte årsverk. Samla utgjør tapte årsverk blant personar i alderen 16–67 år 19,7 prosent av folkemengda i same aldersgruppe i 2011. Dette er same prosentdelen som i 2010, og viser at veksten i talet på tapte årsverk det siste året svarar til veksten i folkemengda. Utviklinga blant kvinner og menn er likevel ulik. Medan prosentdelen tapte årsverk går ned blant menn er det ein liten auke blant kvinner. Både for kvinner og menn ser vi og ein vekst i prosentdelen tapte årsverk det siste året innan kategorien nedsett arbeidsevne.

Blant kvinner har prosentdelen tapte årsverk auka frå 21,6 i 2010 til 21,9 i 2011. Det er likevel lågare enn i 2005 då prosentdelen var 22,1. Tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne har auka med 0,3 prosentpoeng det siste året, medan årsverk innan uførepensjon og sjukefråvær har halde seg uendra. Når vi ser perioden 2005–2011 under eitt, har tapte årsverk på grunn av dårleg helse (summen av uførepensjon, nedsett arbeidsevne og sjukefråvær) auka frå 18,4 prosent i 2005 til 19,3 prosent i 2011. Det har vore ein nedgang i tapte årsverk innan uførepensjon i denne perioden, men vekst i prosentdelen tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne.

I 2011 utgjorde tapte årsverk blant menn i alderen 16–67 år 17,5 prosent av folkemengda i same aldersgruppe. Dette er ein nedgang på 0,4 prosentpoeng frå 2010. Nedgangen skuldast først og fremst ein nedgang i arbeidsløysa som har ført til at færre årsverk har gått tapt på grunn av


Figur 3.: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for kvinner 16–67 år. Prosent av folkemengda.



\* Tal for før mars 2010 inkluderer personar med tidsavgrensa uførestønad, mottakarar av rehabiliteringspengar og personar registrert hos NAV som yrkesvalhemma / personar med nedsett arbeidsevne

KJELDE: NAV

Figur 4: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for menn 16–67 år. Prosent av folkemengda.



\* Tal for før mars 2010 inkluderer personar med tidsavgrensa uførestønad, mottakarar av rehabiliteringspengar og personar registrert hos NAV som yrkesvalhemma/personar med nedsett arbeidsevne

KJELDE: NAV


mangel på ordinært arbeid. Tapte årsverk på grunn av sjukefråvær og innan kategorien uførepensjon har begge gått tilbake med 0,1 prosentpoeng frå 2010, medan tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne har auka med 0,2 prosentpoeng i same periode. Samanlikna med 2005, har prosentdelen tapte årsverk vorte redusert frå med 0,6 prosentpoeng, frå 18,1 prosent til 17,5 prosent.

## DEMOGRAFISKE ENDRINGAR BAK VEKSTEN I TAPTE ÅRSVERK

Ved å aldersjustera dei tapte årsverka i 2011 i høve til folkemengda i 2005, får vi eit uttrykk for kor mange årsverk som ville gått tapt i 2011 dersom folkemengda ikkje hadde endra seg mellom desse to åra.

Samla viser dei aldersjusterte tala for tapte årsverk ein nedgang på i underkant av 18 000 frå 2005 til 2011. Dette tyder at dersom folkemengda ikkje hadde endra seg i denne perioden, ville vi fått ein nedgang i talet på tapte årsverk på i underkant av 18 000. Figur 5 viser tapte årsverk i prosent av folkemengda i 2011 og i 2005, fordelt på eittårige aldersgrupper. Nedgangen i det samla talet på aldersjusterte årsverk kjem først og fremst av at prosentdelen tapte årsverk er lågare blant dei eldre i 2011 enn i 2005. Alle årsklassar frå 54 år og oppover har ein nedgang

Figur 5:  
**Tapte årsverk i 2005 og i 2011 i prosent av folkemengda, fordelt på eittårige aldersklassar. Personar i alderen 16-66 år**




i talet på tapte årsverk som prosent av folkemengda. Også dei fleste årsklassane 40 år og under har færre tapte årsverk i prosent av folkemengda, medan det har vore ein auke i dei fleste årsklassane frå 41 til 53 år.

Frå 2010 til 2011 viser aldersjusterte tal ein nedgang i tapte årsverk på om lag 2 200. Dette tyder at dersom det ikkje hadde vore endringar i folkemengda frå 2010 til 2011, ville vi ha observert ein nedgang i talet på tapte årsverk med 2 200.

### NEDGANG I ARBEIDSLØYSA HAR FØRT TIL FÆRRE TAPTE ÅRSVERK BLANT UNGE UNDER 30 ÅR

Frå 2010 til 2011 har det vore ein liten nedgang i det samla talet på tapte årsverk for alle aldersgrupper under 30 år. Dette skuldast færre tapte årsverk på grunn av mangel på

Figur 6:  
**Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar under 30 år, etter alder. Prosent av folkemengda.**



\* Tal for før mars 2010 inkluderer personar med tidsavgrensa uførestønad, mottakarar av rehabiliteringspengar og personar registrert hos NAV som yrkesvalhemma/personar med nedsett arbeidsevne

KJELDE: NAV

ordinært arbeid. Medan betring på arbeidsmarknaden har ført til færre tapte årsverk blant dei unge, har det vore ein auke i talet på tapte årsverk på grunn av dårleg helse blant dei i alderen 20–29 år. Dette skuldast først og fremst ein auke i tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne. I alderen 20–24 år har tapte årsverk i denne kategorien auka frå 4,1 prosent i 2010 til 4,5 prosent i 2011. I aldersgruppa 25–29 år har det tilsvarande vore ein auke frå 5,2 prosent til 5,5 prosent.

### FLEIRE TAPTE ÅRSVERK BLANT 40-ÅRINGANE

Figur 7 viser at summen av tapte årsverk blant personar i alderen 30–39 år er uendra frå i fjor med til saman 16,4 prosent. Samanlikna med 2005 er det ein nedgang på 0,3 prosentpoeng. Nedgangen skuldast at færre årsverk går tapt på grunn av mangel på ordinært arbeid. Ser vi på dei som er årsverka som er tapt på grunn av helserelaterte problem, har det vore ein auke frå 12,2 prosent i 2005 til 12,3 prosent i 2010 og 12,5 prosent i 2011. Når vi ser heile perioden under eitt, har det særleg vore ein auke i talet på tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne.

Blant personar i alderen 40–49 år har prosentdelen tapte årsverk auka frå 19,5 prosent i 2010 til 19,7 prosent i 2011. Samanlikna med 2005 har det vore ein auke på 0,3


prosentpoeng. Auken skuldast ein vekst i tapte årsverk på grunn av dårleg helse. Tapte årsverk i kategorien uførepensjon gjekk i denne aldersgruppa ned frå 7,0 prosent i 2005 til 5,7 prosent i 2009 og 2010, for så å auka til 5,9 prosent i 2011. I heile perioden har det vore ein vekst i tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne. Denne utviklinga må sjåast i samanheng med ordninga tidsavgrensa uførestønad som blei innført i 2004 og som blei utfasa etter innføringa av arbeidsavklaringspengar i 2010 (Bragstad med fleire 2011).

### NEDGANG I TAPTE ÅRSVERK BLANT PERSONAR 62 – 67 ÅR


Blant personar i alderen 50–61 år har prosentdelen tapte årsverk samla auka marginalt frå 27,5 prosent i 2010 til 27,6 prosent i 2011. Samanlikna med 2005 er det ein nedgang på 0,7 prosentpoeng. Auken skuldast at fleire årsverk i denne aldersgruppa går tapt i kategorien nedsett arbeidsevne, 5,9 prosent i 2011 mot 5,6 prosent i 2010 og 3,9 prosent i 2005. Tapte årsverk i kategorien uførepensjon har gått ned i heile perioden vi ser på for denne aldersgruppa.

Frå 2011 er det mogeleg å ta ut alderspensjon frå og med 62-års alder på visse vilkår. Ordninga med avtalefesta pensjon er også tilgjengeleg for mange i denne al-

Figur 7: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar 30–49 år, etter alder. Prosent av folkemengda



Figur 8: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar 50–67 år, etter alder. Prosent av folkemengda



dersgruppa. For ein del personar som har dårleg helse, eller er i ein usikker situasjon på arbeidsmarknaden, kan alderspensjon tenkjast å vera eit alternativ til andre trygdeordningar. Dette, saman med demografiske endringar, kan vera ei mogleg forklaring til at tapte årsverk i denne aldersgruppa har gått ned med eitt prosentpoeng frå 34,8 i 2010 til 33,8 i 2011. Nedgangen i tapte årsverk skuldast nedgang i kategorien uførepensjon.

## 1,5 MILLIONAR PERSONAR ER MED I GRUNNLAGSTALA FOR TAPTE ÅRSVERK

Mange personar bidreg til dei tapte årsverka, jamfør tabell 1. Til saman har over 1,5 millionar unike personar tapt heile eller deler av arbeidsåret på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid. Det er difor ikkje slik at 662 000 personar stod permanent utanfor arbeidslivet i 2011. I 2011 stod i gjennomsnitt 2,3 personar bak kvart tapte årsverk, dette talet har vore stabilt i den perioden vi ser på.

Tabell 1 viser at det er store forskjellar i kor mange personar som står bak kvart årsverk i dei ulike ordningane. I kategorien uførepensjon står det 1,2 person bak kvart tapte årsverk. Dette skuldast at uførepensjon er ei ordning for personar med varig nedsett arbeidsevne. Dei fleste uførepensjonistar blir i ordninga til dei fyller 67 år.

Blant personar med nedsett arbeidsevne står det 1,5 person bak kvart tapte årsverk. Dette er ei samansett gruppe av personar på veg inn i arbeidslivet og personar på veg ut av arbeidslivet. 2011-tal frå NAV viser at 44,7 prosent av dei som hadde avgang frå status nedsett arbeidsevne var i arbeid seks månader etter.

Om lag 835 000 personar bidrog til i underkant av 104 000 tapte årsverk i kategorien sjukefråvær. Dei fleste som har sjukefråvær har korte fråvær, difor står det 8 personar bak kvart tapte årsverk i kategorien sjukefråvær.

I 2011 stod det 3,4 personar bak kvart tapte årsverk blant dei heilt arbeidslause. For delvis arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar var dei tilsvarande tala 7,5 og 3,6. Statistikk frå NAV for 2011 viser at 58 prosent av dei som hadde avgang frå NAV sitt arbeidssøkjjarregister var i arbeid seks månader etter.

## REFERANSAR

Furuberg, Jorunn, Qiu, XU Cong og Thune, Ola (2011): «655 000 tapte årsverk i 2010», *Arbeid og velferd*, 2/2011, 48-54

Bragstad, Torunn, Ellingsen, Jostein og Lindbøl, Marianne (2012): «Hvorfor blir det fleire uførepensjonister?» *Arbeid og velferd*, 1/2012, 26-39

Tabell 1.

**Talet på personar som er med i grunnlagstala for tapte årsverk i 2011, etter stønadsområde/status på arbeidsmarknaden.\***

	2011	
	Personar i datagrunnlaget	Personar per tapt årsverk
Uførepensjon	329 664	1,2
Nedsett arbeidsevne	277 305	1,5
Sjukefråvær	834 966	8,0
Heilt arbeidslause	228 236	3,4
Delvis arbeidslause	107 343	7,5
Ordinære tiltaksdeltakarar	55 601	3,6
Sum unike personar i alt**	1 505 484	2,3

\* Tal for før mars 2010 inkluderer personar med tidsavgrensa uførestønad, mottakarar av rehabiliteringspengar og personar registrert hos NAV som yrkesvalhemma/personar med nedsett arbeidsevne

\*\* Sum unike personar i alt er lågare enn summen av unike personar i dei ulike ordningane. Dette fordi mange personar er innoom fleire ordningar i løpet av året.

KJELDE: NAV